

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Emneliste nr.43Fylke: Oppland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: V.Slidre,Emne: Ting til legedom og vern mot sykdom.Bygdelag: Øyebygde i Røn,Oppskr. av: G.Kirkevoll.Gard: Kirkevoll.(adresse) Jomfrubraatvn.25,
Bekkelagshøgda.G.nr. 66 Br.nr. 3A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Mest etter eldre folk, men litt etter eigen røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Eg er født 1895 i V.Slidre og er gartner.

SVAR

A) Ringer.

1)

Eg høyrde tale um giktringar og saag dei ogso. Dei var glatte og likna gullringar, men var av simplare metal. Det var vel ikkje so mange som trudde større paa dette, men det var ein og annan i bruk. Eg kan t.d. hukse det vart: " Han (eller ho) hadde, men det var vist berre ein giktring - ikkje trulovelsesring".

3. Har liten greide paa korleis slike ringer kom oppover bygdene.

4,5,6,7,8,9- er ukjent for meg, men likevel kan nogo ha ha vert brukt.

9. I eldre tid vart det i enden eller midt paa linda sytt inn ein sylvskilling, arvesylv og eit Jøssunamn so kunna vera av sylvtraad eller smaa plator av sylv, zink eller bly, tin e.l. - Desse kunne ogso henge i ein traad um halsen.

Paa eine sida kunne desse platone ha bokstavane J.S. Paa

andre sida var det slyngninger som eit monogram som skulde tyde namnet Jesus. Det var ein del skildnad paa desse

monogram. Desse Jøssunamn maa vel nermast bli aa sjaa som

amulett - vern mot overnaturlege og vonde makters ^{Serleg} ~~Serleg~~ paa

stølene var stor fare for at dei underbuande kunne byte

burt sine (idiotborn) og vannskapte med normale kristne

born. Det vart kalla bytingar og namnet henger att den dag

i dag. - Jøssunamnet i samband med ei flattbrødsuolo var



dei beste raadgjerder motovernaturlege vesner.-Det var
altså ikkje til vern mot sjukdom,men tekdet med likevel.

D.Belster:

Truleg er alt um belter ~~KIX~~ mot sjukdomar gløymt,
berre namnet elveldbelte eller elvebelte har eg høyrte um,men
det var sjølve sjukdomen elveld som hadde det namnet.Naar
elveldbeltet kom so langt at det gjekk saman att so var det
fare paa ferde. Mot elveblest eller elvebelte var det brukt
elveneever (lav paa gamle suljokallar).

Me har ei gamal vise um belte,eg veit ikkje um
den passa her,men sender den med likevel.

11. Har høyrte namnet styrkebelte,men veit ikkje akkurat
kva det gjekk ut paa.

12 og 13-ikkje svar.

E.Øreringer. 14,15,16,17 og 19 ikkje svar.

F.Forskjellige ting.

20.

21. Mot gikt og verk var det bra aa stryke seg med ska-
knivar - slike knivar som hadde vore brukt til drap.Paa
Svennes i Ulnes var lenge den kniven som brødrene Grim og
Ulv vart drepen med.Det var tvo kjempor fraa Røvling som
vart drepne i sjløvforsvar av brudgomen.Folk reiste lange
vegar for aa stryke seg med den kniven.So havna den paa
Kriminalmuseet og no er det verre aa koma til den.
Eg kan hukse at naar me hadde slege oss vart ein vanleg
tollkniv stryken over staden for at det ikkje skulde trotne.
Ska-bismara vart og brukt til stryking av verker og andre saar.
Ein skjere (saks) vart lagt i sengi til barselkeringar.
Herslevatn (vatn som jarn var herda i) vart drikke for
jikt og til vask mot hudsjukdomar som hudmakk (kommidoner?)
Mot beinbrot og verk kunne ein stryke seg med bein fraa
ein kyrkjegard.

Den 2/4 1954

1. B e l t e v i s a . Ting til legedom og vern mot sykdom.
 Dé va ein syndagsmørgo e skulde té kyrkji rie, naa haa haa faderio daa, é skulde ~~hax~~ té kyrkji rie.
2. Daa sprette é paa mé belte mitt o sverdet ve mi sie, naa haa haa faderio daa, o sverdet ve mi sie.
3. Daa é kom eit stykkji paa veg so møtte dé me ein bonde, naa haa haa faderio daa, daa møtte dé me ein bonde.
4. Men daa han fekk sjaa belte mitt han meinte dé va den vonde, naa haa haa faderio daa han meinte dé va den vonde.
5. Daa é kom aat kyrkjun inn der sat baade gamle o unge, naa haa haa der sat baade gamle o unge. (attgløymt faderio daa).
6. Men daa dei fekk sjaa belte mitt dei gløymde burt lesa o sjunge, naa haa haa faderio daa, dei gløymde burt lesa o sjunge.
7. Presten ned for altaret sto han ba dei paa kne o falle, naa haa haa faderio daa, han ba dei paa kne o falle.
8. Men daa han fekk sjaa belte mitt han gløymde burt Gud og alle, naa haa haa faderio daa, han gløymde burt Gud o alle.
9. Kongen bau mé dømte si o det helve taa sitt rikji, naa haa haa o dé helve taa sitt rikji (attgløymt faderio daa).
10. Dé kunna é faatt før belte mitt, men tytte dé va før-lite, naa haa haa faderio daa, men é tytte dé før-lite.
11. Kongen bau mé dei ukxa tølvi o alle so vøro dei kvite, naa haa haa faderio daa o alle so vøro dei kvite.
12. Dé kunna é faatt før belte mitt, men tytte dé va før-lite, naa haa haa faderio daa, men é tytte dé va før-lite.
13. Kongen bau mé att paa té ein utifraa marmorstegji, naa haa haa faderio daa ein utifraa marmorstegji.
14. Stege va gjort taa rauaste gull o raakte té Himerikji, naa haa haa faderio daa o raakte té Himerikji.
15. Dé kunna é faatt før belte mitt, men tytte dé va før-lite, naa haa haa faderio daa, men tytte dé va før-lite.
16. Dé va ein syndagsmørgo dé fall mé so tungt i tanka, naa haa haa faderio daa, dé fall me so tungt i tanka.
17. Daa bytte é burt belte mitt ut i eit paa klasa hanska, naa haa haa faderio daa ut i eit par klasa hanska. (Klasa-bømte).
18. Dé va kji so rart vé belte mitt so kor ein trudde o tenkte, naa haa haa faderio daa so kor ein trudde o tenkte.
19. Før dé va gjort taa briskebast o so taa suljolenkjo, naa haa haa faderio daa o so taa suljolenkjo.

Tekst og tona til denne visa er fraa mi heimbygd V. Slidre, Valdres. Det er vel nermast som eit gamalt draumkvedein som har drøymt eller fantasert i vaken eller sovande tilstand. Sikkert er det at den er gamal-fraa den tid sverd var i dagleg bruk til kyrkja, sidan vart det økser. Det er andre former fraa Gudbrandsdal og Telemark med annan tona og ikkje

so mange vers. Tonaen fraa Gudbrandsdal og valdres er ulik, ~~men rytma~~ 4.
men rytma er likt -marstakt eller 2/4-til umkvede som
nermast er 3/4. takt er det stor skildnad i Gudbd. og Valdr.

Visa har vore sunge paa valdresmaal, og eg har skrive
den ganske nær upp til bygdemaalet, men ein kan ikkje seia ~~at det~~
at det er full dialekt

Eg tok med denne beltevisa; for det kan vera eit enn anna
av interesse ved den. Um det var vanleg aa gjera belto av
briskebast o suljolenkjo er vel ikkje so sikkert.

Bekkelagshøgda 23/3 1954

G. Kirkevoll.
Jomfrubraatvn. 25. Tlf.
68 50 36